



Uskedal Båtlag har hatt uvelkomne folk på vitjing, men dei stjal ikkje noko.

Uskedal Båtlag hadde ubedne gjester på vitjing i huset sitt natt til søndag, men dei stjal ikkje noko, fortel hamnesjef Leon Gundersen til uskedalen.no

Gjestene braut seg inn gjennom døra til kontoret, som søndag morgon stod og slog i vinden. Tjuvane hadde rota ein god del, men ikkje teke noko. Dei var tydelegvis ute etter pengar, men fann ikkje den beskjedne summen med vekslepengar som var i lokalet. Pengane var da også godt gøymt.

Tjuvane hadde også brote opp eit vindauga, men om dei nytta dette til å gå ut eller inn er uvisst.

Folk som låg i båthamna merka ikkje noko uvanleg om natta og det er ingen spor etter tjuvane.